

Korfor vart India delt i 1947?

15. august 1947 fekk India og Pakistan sjølvstende frå Storbritannia. Samstundes vart keisardømmet India delt til dagens tre nasjonar; India, Vest- og Aust-Pakistan (Bangladesh 1971). Provinsane Panjab og Bengal og fyrstedømmet Kashmir vart samtidig delte under ein orgie av mord, massakrar og religionskrig, i lag med den største flyktingestraumen i verdshistoria. Vestre Panjab hamna i Vest-Pakistan, og det austlege Bengal vart til Aust-Pakistan. Uttrykk som "the Great Calcutta Killing" og "Panjab Religious War" er gått over i historia. Men dei vona å "bli kvitt hovudpina ved å kappe av hovudet", som statsminister Nehru sa det. Dessverre forsvann ikkje hovudverken (sjølv om mange meiner at hovudet vart borte). Krigane mellom India og Pakistan, Kashmir-konfliktane, vedvarande våpenkapplau, og ein forny strid mellom muslimar og hinduar er velkjende trekk i nyheitsbiletet.

No er ikkje eit sameint stor-India noka sjølvfølgje. India er mykje meir ulikt samansett enn til dømes Kina (fråteke dei tynt folkesette ytterområda Tibet, Sinkiang og Mongolia). India har fleire hundre hovudspråk, av vidt forskjellig rot. Dei dravidiske språka i sør, som tamil, er ikkje indoeuropeiske i det heile, sjølv om dei har ei mengd sanskrit lånord. Før britane kom, så var aldri India samla. Korkje Mauryaene, keisar Ashoka eller moghulane klarte å innlemme heile Sør-India, sjølv om riket strekte seg til delar av dagens Afghanistan. Det var britane som til slutt la heile India under sitt rådvelde, sjølv om mange av fyrstestatane, som Kashmir og Hyderabad, hadde stor grad av indre sjølvstende. Det som likevel gjorde delinga så tragisk og meningslaus for mange, var først og fremst at gamle nasjonar, som Panjab, vart delte, og enda verre, dei vart delte etter religion, det blei *trua* som avgjorde om du kunne samarbeide med grannen din. På toppen av dette kom alle dei uhyggelege massakrane, religionshatet og den kolossale flyktingestraumen.

Bengal slapp lettare unna religionskrigen i 1947 enn Nordvest-India, men med delinga heldt elendet fram. Flyktingestraumen frå Aust-Pakistan/Bangladesh tek aldri slutt, og vi er blitt minna på han gjennom uhyggelege massakrar på bengalarar i delstatane Assam og Tripura. No held India på å byggje gjerder som liknar på muren mellom Aust- og Vest-Tyskland. West Bengal er overfylt av flyktningar, - i tillegg blir næringslivet i provinsen forkrøpla ved fråskiljinga frå omlandet i Aust og ved diskriminerande økonomisk og administrativ politikk frå New Delhi. Korleis og korfor starta denne sørgjelege tilstanden?

Ein kunne godt tenkje seg ei deling av Panjab og utsondring av Pakistan Vest i 1947 utan ei tilsvarande deling av den austlege delen - det vil seie at heile Bengal udelt kunne anten høyre til Pakistan, den Indiske Unionen eller stå fram som ein uavhengig republikk, som sterke krefter prøvde den gongen. Bengal har, samanlikna med Panjab, eit meir levande nasjonalt eller provinsielt medvit rotfesta i bengali kultur; språk, poesi, litteratur, musikk og liknande som drar mot sameining på tvers av religions- og kasteskilje. Religionsdelinga var altså nøydd til å overvinne ein aktiv motstraum av bengalsk nasjonalisme.

Vidare finn ein den historiske presedensen for Indias deling i religionsdelinga til britane av Bengal i 1905-11, og den påfølgjande stiftinga av den Muslimske Liga i 1906.

Vanlege forklaringar

I litteraturen om Indias sjølvstende og deling i 1947 vil vi treffe ymse forklaringar på delinga. Den amerikanske historikaren Walter Wallbank har samla og redigert dei vanlegaste forklaringane i ein standard-studie frå 1966; *The Partition of India: Causes and Responsibilities*. Wallbank grupperer forfattarane i samlinga om følgjande forklaringar:

Den viktigaste og mest berrsynte var den genuine religionsfiendskapen mellom hinduar og muslimar. Dette blir serleg vektlagt av britiske og muslimske forfattarar. Denne fiendskapen vart forsterka ved at økonomiske motsetnader ofte følgde religiøse liner, spesielt i Bengal. Under opptøyane slo fattige muslimske bønder til mot hindu godseigarar og pengeutlånarar. Somme forfattarar meiner at religionsstriden i røynda var eit sosialt opprør i religiøs bunad.

Fleire andre forfattarar legg likevel vekt på den britiske kolonipolitikken. Der vil alltid vera ulike motsetnader av til dømes etnisk eller religiøs art i ein stor stat, men britane valde medvite å nøre opp under motsetnadene mellom hinduar og muslimar for å splitte den nasjonale rørsla, skapa ein *hindu-fobi* hjå muslimar, favorisere muslimar og dermed knytte denne delen av undersåttane nærare til seg. (På den tida utgjorde muslimane om lag fjerdeparten av Indias folkesetnad.) Vi har massiv dokumentasjon på denne splitt-og-hersk politikken, spesielt kring delinga av Bengal i 1905 (sjå t.d. A Tripathis studie *The Extremist Challenge* frå 1967), sjølv om denne sida av kolonipolitikken er så godt som fortia av vestlege India-historikarar. Delinga av Bengal i ein vestleg hindu del og ein austleg muslimsk del i 1905 vart forklart med "administrative fordelar", men i friggitt korrespondanse mellom britiske ministrar blir det sagt rett ut at føremålet var å splitte bengalarane langs religiøse skiljeliner. Dei muslimske leiarane i Aust blei fortald at dei aldri kunne vente seg rettferdig styre under hinduar, samtidig som leiarane i Dacca fekk sjenerøse lån. No byrja også svina i moskeane å dukke opp, og spora frå denne praksisen har sidan vart nøsta opp tilbake til britiske oppdragsgjevarar, sjølv om hinduane på den tida fekk skulda.

Delinga gav støyten til antidelingskampanjen og den bengalske terroristrørsla. I 1906 kom så dei første religiøse opptøyane, i Aust-Bengal. Britane følgde opp med å hjelpe til med danninga av den Muslimske Liga i 1906, deretter lanserte dei ei regjeringsreform, Morley-Minto reformene i 1909, som gav ein avgrensa røysterett via religiøse samfunn, "det giftigaste trekket ved indisk historie", i følgje den amerikanske indologen W. Norman Brown. Brown skriv vidare at det var Morley-Minto reformene som starta den moderne politiske religionsstriden i India.

Den All-Indiske Nasjonale Kongressen var dominert av høgkaste hinduar, og mange muslimar var redde for å bli underlagt hindu kapitalistar. I nordvest hadde muslimane vore styringseliten før britane, og i nordaust, i Bengal, var den store massen utdanna muslimske småbønder, der var utdanningsnivået i snitt mykje høgare mellom hinduane. Både stader følte muslimane at dei ville bli haldne attende under eit hindu fleirtalsstyre, i det minste gjekk propagandaen frå britane og Muslimske Liga langs desse linene.

Ei fjerde gruppe forfattarar og historikarar, spesielt av indisk opphav, erkjenner grunnane ovafor, men dei hevdar at deling etter religion er eit primitivt og tilbakelagt stadium i alle "avanserte" land. Desse analytikarane meiner at delinga vart muleg på grunn av ein spesielt ettergivande og inkompetent nasjonalistisk leiarskap, serleg innan den Indiske Nasjonale Kongressen. Delinga var "A Failure of Statesmanship" (Moon), og framstående historikarar som Penderel Moon og R.C. Majumdar vedkjenner seg denne teorien. - Kongressleiarskapen hadde venta så lenge på å ta over makta, blitt gamle og gått trøytte av å sitja i fengsel, at dei var viljuge til å kompromisse fundamentale prinsipp, som Nehru

sjølv seinare vedgikk i eit intervju. Mahatma Gandhis ettergivnad og pasifisme er viktige ingrediensar i denne teorien.

Dette var, kort sagt, dei viktigaste årsakene til delinga av India i Wallbanks klassiske samling. For enkelheits skuld kan dei grupperast i to: ei "pro-kolonial" gruppe og ei radikal gruppe. Den pro-koloniale gruppa legg størst vekt på dei to første årsaksforklaringane; hindu-muslim antagonisme med tilhøyrande økonomiske motsetnader. Den britiske Raj kunne da tenkjast som ein upartisk og opplyst administrator og naudsynt bibringar av lov og orden og *Pax Britannica*.

Den "radikale" gruppa legg størst vekt på britanes *divide-and-rule* politikk og målber samtidig krass kritikk av den Nasjonale Kongressens bursjoa, makthungrige leiarskap. (Med "bursjoa" leiarskap meiner dei handelsfolk, godseigarar og advokatar som agerer for sine felles interesser.) Talsmenn for denne gruppa finn vi serleg mellom indiske skribentar og historikarar, spesielt bengalske.

Nyare forklaringar

I tillegg fanst der aktive og innflytelsesrike krefter innafor hinduisk intelligentsia og nasjonal leiarskap som *ville* ei deling av Bengal og India.

I første halvdel av førre hundreåret var Bengal den rikaste provinsen i India, både i BNP og i per capita produksjon og -inntekt. Bengal var mest industrialisert, og Calcutta var den største byen i keisarriket. Bengal var også sentrum for den nasjonalistiske agitasjonen, som fekk sitt verkelege take-off ved delinga i 1905. Provinsen vart heimstaden for den terrorist-revolusjonære rørsla (Anushilan og Yugantar), og den Indiske Nasjonale Kongressens provinsforsamling var meir eller mindre konstant kontrollert av venstrefløya under leiing av folk som C.R. Das og brørne Subhas Chandra og Sarat Chandra Bose. Blant dei muslimske bøndene oppsto eit sterkt radikalt bondeparti under leiing av Fazlul Huq, og det var stadige forsøk på tilnærming mellom Bengals kongressleiarar og Huqs bondeparti. Samtidig var Calcutta den økonomiske bastionen til den Indiske Kongressens hovudsponsor - Ghanashyam Das Birla (populært kalla Indias 'Rockefeller'). - I denne stoda ønska Birla og høgrefløya i Kongressen ingen allianse mellom muslimske bønder og radikale hindu intellektuelle under leiing av Bose-brørne. I slutten av 1930-åra oppsto den underlege situasjonen at ein bengalsk regjeringskoalisjon mellom Fazlul Huqs parti og provins-Kongressen vart motarbeidd ikkje berre av britane og Muslimske Liga, men først og fremst av leiarskapen i den Nasjonale Kongressen under innflytelse av Mahatma Gandhi og Birla.

Så tidleg som under andre verdskrigen byrja framståande høgrefløy-folk som Birla og Rajagopalachari (regjeringssjefen i Madras, i dag Tamil Nadu) å arbeide for å innrømme "Pakistan", noko som breva deira til Gandhi har vist, lenge før den desperate tilstanden i 1946-47. Subhas Boses Indian National Army hadde sterk støtte frå både hinduar, muslimar og sikhar; dei næraste medarbeidarane til Bose var for det meste muslimar, som hamna i Pakistan etter delinga. Men Bose forsvann i 1945 (truleg omkomme i ei flyulykke på Taiwan i august, da han freista å dra til Sovjetunionen), og med han den siste sterke krafta som kunne sameine folket på tvers av religionen. Subhas' eldre bror, Sarat Chandra Bose, braut ut frå Kongresspartiet og forma i 1941 i allianse med Fazlul Huq *Progressive Coalition Party*, som regjerte Bengal til 1943, da regjeringa vart avsett av britane. I 1947 gjorde så Sarat Bose i lag med den fremste muslimske leiaren i Bengal, Suhrawardy, ein siste

framstøyt for eit sameint, uavhengig Bengal, utan å lykkast, da dei vart motarbeidde av alle andre, inkludert Muslimske Liga og Kongressen.

Motstanden mot delinga frå radikale hinduar vart ytterlegare svekka ved at det indiske kommunistpartiet, CPI, aktivt gjekk inn og støtta ei deling, etter rettleiing frå det britiske kommunistpartiet, som det var underlagt etter tidlegare direktiv frå Komintern.

India blei så delt av ein kommisjon under leing av ein britisk advokat, Cyril Radcliffe, som aldri før hadde vore i landet, og han gjekk berre etter fleirtalsreligionen i regionane. Naturlege geografiske, sosio-økonomiske og kulturelle einingar, som Bengal, Panjab og Kashmir, vart dermed skore i to. Spesielt for Pakistan vart dette ei stor ulykke på lengre sikt, sidan den einaste *raison d'être* for staten vart Islam. Landet er delt i fire nasjonar (panjabiar, sindhiar, beluchiar og patanarar), som driv lengre og lengre frå kvarandre, utan noka felles nasjonalkjensle. Somme regjeringar har freista å sameine dei rundt ei meir og meir ekstrem form for Islam, som berre har gjort vondt verre, pluss at dei religiøse minoritetane har mista vernet som ei sekulær styringsmakt kunne ha gitt dei. Og fiendskapen til India driv militærutgiftene i veret.

Bangladesh har føremonen av å vera ein nasjon, men både dei og dei bengalske delstatane i India lid av den kunstige oppdelinga av ein naturleg sosio-kulturell region. Fabrikkane i Calcutta mista råvarene, mellom dei jute, opplandet og arbeidsmarknaden i Aust-Bengal, medan Bangladesh er skore vekk frå ein naturleg samarbeidspartnar om mellom anna flaumsikring og økonomi. Bengalalarar frå aust som vil ha arbeid i Vest har status som illegale immigrantar, i sitt eige land, og India held no på å byggje gjerde og murar for å halde dei unna.

Konklusjon

Delinga av India og Bengal i 1947 vart dermed gjort muleg ved eit aktivt press frå Kongressens høgrefløy som hadde opphavet sitt i Kongressens sponsorar (Birla, først og fremst) og kapital-interesser. Dei ønskte å svekke Bengal og provinsens revolusjonære element ved å splitte provinsen i fleire delar; Aust-Pakistan, Vest Bengal og bengalske distrikt stykka vekk til dei kringliggande delstatane Bihar, Orissa og Assam, for 1) å tryggje dei økonomiske og politiske interessene til dei nordvest-indiske handelskastane, Birla-huset og Kongress-bursjoasiet i det nye India, og for 2) å skapa ein sterk og meir homogen stat med gravitasjonssentrum i Delhi. Dei var kvitt dei muslimske trøbbelmakarane og dei stadige opptøyane som verka så forstyrrande for næringslivet, og samtidig fekk ein halde det industrialiserte Vest-Bengal og Calcutta i den indiske unionen.

Sjølv om Subhas Chandra Bose er ein nasjonalhelt i India og serleg i Bengal, så har han likevel fått mild kritikk frå indiske proutistar for utolmodet sitt. Dei har sagt at enda viktigare enn nasjonal frigjering er økonomisk frigjering, så prioriteringa skulle vore omvendt, sjølv om Bose også hadde eit sosialistisk program. Først måtte ein byggje opp masserørsla på økonomisk og sosial frigjering, frå godseigarstyre og storkapital. Dét ville ha verka samlande på tvers av religionsskilje. Lausrivinga frå britane var uansett uunngåeleg på litt lengre sikt.